



SELJORD KOMMUNE
Administrasjonen

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Arkivkode: 200 &13
Saksbeh.: Kristian Torp-Hansen
Direkte tel: 35 06 51 03
Vår ref: 06/00021-3
Dato: 03.02.2006

KOMM. OG REG. DEP	
06 FEB 2006	
05/3280-228	
Avd.	661.0
Avd. KO / KØ / HER	

**NOU 2005:18 Fordeling, forenkling, forbedring. Inntektssystemet
for kommunar og fylkeskommunar. Høyringsuttale**

Vedlagt fylgjer Seljord kommune sin høyringsuttale til KOU 2005:1 - Egne inntekter for kommunane.

Med helsing

Kristian Torp-Hansen
Rådmann



Seljord kommune

Arkiv: 200 &13
 Saksnr. 06/00021-2
 Saksbehandler: Kristian Torp-Hansen
 Direkte telefon: 35 06 51 03

UTSKRIFT AV MØTEBOK

NOU 2005:18 Fordeling, forenkling, forbedring. Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar. Høyring

Utvalgssaksnr.:	Utvalg	Møtedato
008/06	Formannskap/økonomiutval	26.01.06

Saksdokument: NOU 2005:18 Fordeling, forenkling, forbedring. Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar.

Utkast til høyringsuttale frå regionalt Økonomi Forum KS BTV.

Berekningar frå Telemarksforskning-Bø.

SAKSUTGREIING:

Ved kongeleg res. blei det 3. oktober 2003 oppnemnd eit offentleg utval for å gjennomgå og evaluere inntektssystemet for kommunal sektor. Utvalet, inntektssystemutvalet, som hadde 13 medlemmer, blei leia av professor Lars-Erik Borge. Utvalet gav si innstilling 10. oktober 2005. Høyringsfrist er 1. februar 2006.

Utvalet blei i mandatet bede om å føretaka ei brei fagleg gjennomgåing av fordelingsmekanismane i inntektssystemet med sikte på å koma fram til eit mest mogeleg enkelt og rettferdig system. Dei sentrale fordelingsmekanismane i inntektssystemet er utgiftsutjamninga, inntektsutjamninga og dei regionalpolitisk motiverte tilskota. Utvalet blei i mandatet serlege bede om å føretaka ein gjennomgang av utgiftsutjamninga i inntektssystemet i ljós av strukturelle endringar sidan forrige gjennomgang av inntektssystemet (1996), ny forsking og utgreiing, nytt datatilfang og nye analysemетодar. Innafor utgiftsutjamninga blei utvalet m.a. bede om å vurdere behandling av kapitalkostnader og kommunestorleik. Inntektsutjamninga skal vurderast ut frå utjamningsomsyn, målsetting om ein god insentivstruktur for næringsutvikling og omsynet til stabilitet i kommunesektoren sine inntekter. Vidare skulle utvalet vurdere treffsikkerheten av dei regionalpolitisk motivera tilskota ut frå regionalpolitiske målsettingar, m.a. å sikre busetting og lokalsamfunn.

Utvalet blei og bede om å vurdere prinsipielle spørsmål omkring rammefinansiering, m.a. i kva for rammefinansiering bidreg til effektiv ressursbruk, korleis kommunal likebehandling av private og kommunale aktørar kan bli oppnådd innafor eit system med rammefinansiering av kommunane og korleis nasjonale velferdsreformar kan gjennomførast innafor rammefinansieringssystemet.

Ein stor del av utgreienga er ein gjennomgang av kostnadsnøklane som ligg til grunn for utgiftsutjamninga i inntektssystemet.

I utforminga av framlegg til nytt inntektssystem har utvalet lagt til grunn at ein gjennom inntektssystemet skal ta vare på fire omsyn:

- Utjamning av dei økonomiske føresetnadene for eit likeverdig tenestetilbod (rettferdig inntektsfordeling).
- Lokalt sjølvstyre.
- Stabile og ventande inntektsrammer.
- Regionalpolitiske omsyn.

Dei viktigaste framlegg til endringar er;

- nye kostnadsnøklar. (Det gjev positive endringar for Seljord kommune.)
- landbruk blir teke ut som kostnadskriterium. (Det tapar Seljord kommune på.)
- slutt på at innbyggjartalet pr. 01.01. i budsjettåret blir lagt til grunn for rammetilskotet. Utvalet foreslår å gå tilbake til ordning før 2003 med at folketalet pr. 01.01. året før budsjettåret blir lagt til grunn.
- inntektsutjamning på grunnlag av prognose i staden for løpende utjamning.
- nytt distriktpolitisk tilskot erstattar regionaltilskot og Nord-Noreg tilskotet.
- skjønnstilskotet reduserast. Slik det er no meiner utvalet desse midlane ikkje verkar etter føremålet.

Telemarksforskning har berekna kva endringar i kriteria i inntektssystemutvalet sitt framlegg har resultera i for Seljord kommune i høve til dagens kostnadsnøkkel. Seljord kommune tener kr 538,- pr. innbyggjar på framlegget til ny kostnadsnøkkel.

I tillegg tener kommunen kr 981,- pr. innbyggjar på omlegging av distriktstilskot. Men denne berekninga tek ikkje omsyn til overgangsordningar. I høve til foreslått inntektsgarantisystem vil Seljord kommune få eit trekk på kr 161,- pr. innbyggjar i innføringsåret.

Seljord tener på at alderskriteria blir vekta opp med 5 %. Auka vekt slår positivt ut for kommunar med høg del unge eller eldre i befolkning. Seljord har høg del eldre innbyggjarar, men lågare del innbyggjarar i alderen 6 – 15 år enn landsgjennomsnittet.

Seljord tener også på endringar i dei sosiale kriteriane. Kommunen tener serleg på at ikkje-gifte over 67 år får auka vekt i ny kostnadsnøkkelen.

Seljord kommune tapar på at delkostnadsnøkkelen for landbruk blir fjerna. Utvalet har i sine analyser sett på landbruk og miljøvern som ein del av kommunen sine adniminstrasjons-utgifter.

KS BTV har bede Regionalt ØkonomiForum v/ rådmennene i Sauherad og Sigdal kommunar og økonomisjefane i Sandefjord kommune og Vestfold fylkeskommune å utarbeide framlegg til høyringsuttale til inntektssystemutvalet si innstilling.

I sin uttale peikar forumet m.a. på at inntektssystemutvalet ikkje har drøfta nok kva som ligg i eit likeverdig tenestetilbod, inntektsutjamninga samt grunnlaget for kostnadsnøkkelen m.a. val av kriteriar (levekårsindeksen m.v.). Forumet meiner den økonomiske fordelingseffekten til ulike kriteieval burde ha vore synleggjort for alle kommunane.

Forumet peikar på at deira uttale er grunna i politiske uttaler om at målsettinga med inntektssystemet er å sikre kommunane utjamning av dei økonomiske føresetnadene så innbyggjarane i landet kan oppleva eit likeverdig kommunalt tenestetilbod uavhengig av kvar i landet ein bur. Inntektssystemet skal vera eit verktøy for tildeling og omfordeling av midlar mellom kommunane for å oppnå eit likeverdig tenestetilbod. Forumet meiner at inntekts-systemutvalet ikkje har nokon heilskapleg vurdering av utgifts- og innteksutjamninga.

Utgreiinga skulle ha synleggjort omfordelingseffekta knytt til utgiftsutjamning og inntektsutjamning kvar for seg.

Forumet går inn for ei meir utjamning av kommunane sine inntekter.

Inntektssystemutvalet framlegg til nye kostnadsnøkklaar slår, som Telemarksforskning viser, positivt ut for Seljord. Det same gjeld omlegging av distriktstilskotet. I høve til dagens system ein gevinst på kr 1.358,- pr. innbyggjar.

Dei merknadene som Økonomi Forum i KS BTV har til Inntektssystemutvalet medfører at Seljord kommune kjem endå betre ut, + 1,7 mill. kroner. Seljord kommune sluttar seg til merknadene frå Økonomi Forum i KS BTV.

RÅDMANNENS FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rådmannen rår formannskapet til å gje fylgjande vedtak:

Seljord kommune gjev fylgjande uttale til innstillinga frå Inntektssystemutvalet (Borgeutvalet):

Inntektssystemet generelt

- Omsynet til eit likeverdig tenestetilbod og sikkerhetsnett for ein lokal skatteinntekts- svikt blir tillagt størst vekt ved val av modell for inntektsutjamning.
- Inntektsutjamninga blir lagt om til ein rein symmetrisk modell.
"Utjamningsgraden" er avhengig av tilhøvet mellom storleiken på innbyggjartilskotet og skatteinntektene.
- Vi tilrår at ein held fram med ordninga med å oppdatere folketal både i inntekts- og utgiftsjamninga og nyttar innbyggjartalet pr. 1. januar i budsjettåret.

Samansetting av dei frie inntektene

- Innafor ramma av dei frie inntektene blir overført midlar frå skatteinntektene til innbyggjartilskotet slik at innbyggjartilskotet dekkjer minst 50 % av berekna utgiftsbehov.
- Subsidiært tilrår vi at dersom Stortinget held fast ved målsettinga om at skatteinntektene skal utgjera om lag 50 % av kommunesektorens inntekter, blir inntektsutjamninga basera på ein kompensasjonsgrad og trekkiprosent på minst 80 %.

Skattegrunnlag

- For å oppnå større stabilitet i skatteinntektene tilrår vi at ein vurderar om kommunane sine skatteinntekter knytt til inntekt frå personlege skattetytarar bør bli knytt til summen av pensjonsinntekter og pensjonsgjevande inntekt i staden for til alminneleg inntekt.
I tillegg til rår vi til at kommunane held fram med å motta kommunal formuesskatt frå personlege skatttytarar.
- Av omsyn til eit likeverdig velferdstilbod bør skattegrunnlaget vera mest mogeleg jamt.
Det blir derfor tilrådd at selskapsskatten blir gjort om til ein rein statsskatt, og at kommunane blir kompensera for dette gjennom ein auke i skatt frå forskotspliktige skatttytarar og/eller ein auke i innbyggjartilskotet.
- Dersom Stortinget held fast ved at kommunane skal få ein del av selskapsskatten, tilrår ein at ein held fram med skattesimuleringsmodellen.

Kostnadsnøkkelen

- Vi tilrår at det blir gjennomført analyser der levekårsindeksen går inn som eit kriterium i sosialhjelpsnøkkelen i staden for utvalet sitt framlegg om bruk av ein opphopingsindeks samansett av skilte/separerte, arbeidsledige 16-59 år og fattige som eit kriterium.

- Vi tilrår at dagens kostnadsnøkkel for landbruk med 30 % vekt på dyrka areal, 20 % vekt på tal driftseiningar, 40 % vekt på tal landbrukseigedomar og 10 % vekt på kommunen sitt areal blir vidareført.

Overgangsordning som system

- Dagens overgangsordning for å dempe den økonomiske effekten av systemendringar, innlemmingar m.v. blir vidareført.

Momskompensasjonsordninga

- Investeringane blir halde utanfor momskompensasjonsordninga, og uttrekksmodell og refusjonskrav blir berre knytt til kommunal drift.
- Det langsigtige uttrekket i rammetilskotet knytt til innføring av nøytral meirverdiavgift blir basert på faktisk refusjonskrav knytt til drift frå 2004 eventuelt som eit gjennomsnitt av 2004 og 2005 med korreksjon for gjennomførte organisatoriske endringar som genererer meirverdiavgift for kommunen.
- Utrekket av nøytral meirverdiavgift blir lagt utanfor overgangsordninga.

Skjønnsramma

- Gjennom ei større målretting av skjønnsmidlane blir det overført midlar frå skjønnsramma til innbyggjartilskotet.

Distriktpolitiske verkemiddel

- Økonomisk ramme på distriktpolitiske verkemiddel, utpeiking av virkeområde og kommunegrupper er politiske avgjerder som det er opp til Stortinget å avgjera. Klare distriktpolitiske signal bør bli fylgd av innsyn og god oversikt i fordelinga av ekstramidlane. Vi tilrår at den distriktpolitiske ramma kjem fram som ein eigen del av inntektssystemet slik dagens regionaltilskot og Nord-Noreg-tilskot viser. Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift går inn i den økonomiske ramma for distriktpolitiske tiltak.
- Ved ny innføring av ordninga med differensiera arbeidsgjevaravgift, bør ordninga bli knytt til at føretaket ligg innafor det geografiske virkeområdet.
- For å sikre næringslivet stabile rammevilkår, må heile det området som er i avgiftssone 2 koma inn att. Samstundes bør det bli vurdera å trekke inn i virkeområdet kommunar som klart tilfredsstiller EU-kommisjonen sine vilkår om befolkningstetthet som er mindre enn 8 innbyggjarar pr. km² og har ein befolkningsnedgang.

Behandling og avrøysting i Formannskap/økonomiutval - 26.01.2006:

Rådmannens framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 26.01.2006:

Seljord kommune gjev fylgjande uttale til innstillinga frå Inntektssystemutvalet (Borgeutvalet):

Inntektssystemet generelt

- Omsynet til eit likeverdig tenestetilbod og sikkerhetsnett for ein lokal skatteinntekts-svikt blir tillagt størst vekt ved val av modell for inntektsutjamning.
- Inntektsutjamninga blir lagt om til ein rein symmetrisk modell. "Utjamningsgraden" er avhengig av tilhøvet mellom storleiken på innbyggjartilskotet og skatteinntektene.
- Vi tilrår at ein held fram med ordninga med å oppdatere folketal både i inntekts- og utgiftsjamninga og nyttar innbyggjartalet pr. 1. januar i budsjettåret.

Samansetting av dei frie inntektene

- Innafor ramma av dei frie inntektene blir overført midlar frå skatteinntektene til innbyggjartilskotet slik at innbyggjartilskotet dekkjer minst 50 % av berekna utgiftsbehov.
- Subsidiært tilrår vi at dersom Stortinget held fast ved målsettinga om at skatteinntektene skal utgjera om lag 50 % av kommunesekturens inntekter, blir inntektsutjamninga basera på ein kompensasjonsgrad og trekkprosent på minst 80 %.

Skattegrunnlag

- For å oppnå større stabilitet i skatteinntektene tilrår vi at ein vurderar om kommunane sine skatteinntekter knytt til inntekt frå personlege skattedytarar bør bli knytt til summen av pensjonsinntekter og pensjonsgjevande inntekt i staden for til alminneleg inntekt.
I tillegg til rår vi til at kommunane held fram med å motta kommunal formuesskatt frå personlege skattedytarar.
- Av omsyn til eit likeverdig velferdstilbod bør skattegrunnlaget vera mest mogeleg jamt.
Det blir derfor tilrådd at selskapsskatten blir gjort om til ein rein statsskatt, og at kommunane blir kompensera for dette gjennom ein auke i skatt frå forskotspliktige skattedytarar og/eller ein auke i innbyggjartilskotet.
- Dersom Stortinget held fast ved at kommunane skal få ein del av selskapsskatten, tilrår ein at ein held fram med skattesimuleringsmodellen.

Kostnadsnøkkelen

- Vi tilrår at det blir gjennomført analyser der levekårsindeksen går inn som eit kriterium i sosialhjelpsnøkkelen i staden for utvalet sitt framlegg om bruk av ein opphopingsindeks samansett av skilte/separerte, arbeidsledige 16-59 år og fattige som eit kriterium.
- Vi tilrår at dagens kostnadsnøkkel for landbruk med 30 % vekt på dyrka areal, 20 % vekt på tal driftseiningar, 40 % vekt på tal landbrukseigedomar og 10 % vekt på kommunen sitt areal blir vidareført.

Overgangsordning som system

- Dagens overgangsordning for å dempe den økonomiske effekten av systemendringar, innlemmingar m.v. blir vidareført.

Momskompensasjonsordninga

- Investeringane blir halde utanfor momskompensasjonsordninga, og uttrekksmodell og refusjonskrav blir berre knytt til kommunal drift.
- Det langsigktige uttrekket i rammetilskotet knytt til innføring av nøytral meirverdiavgift blir basert på faktisk refusjonskrav knytt til drift frå 2004 eventuelt som eit gjennomsnitt av 2004 og 2005 med korreksjon for gjennomførte organisatoriske endringar som genererer meirverdiavgift for kommunen.
- Uttrekket av nøytral meirverdiavgift blir lagt utanfor overgangsordninga.

Skjønnsramma

- Gjennom ei større målretting av skjønsmidlane blir det overført midlar frå skjønnsramma til innbyggjartilskotet.

Distriktpolitiske verkemiddel

- Økonomisk ramme på distriktpolitiske verkemiddel, utpeiking av virkeområde og kommunegrupper er politiske avgjerder som det er opp til Stortinget å avgjera. Klare distriktpolitiske signal bør bli fylgd av innsyn og god oversikt i fordelinga av ekstramidlane. Vi tilrår at den distriktpolitiske ramma kjem fram som ein eigen del av inntektssystemet slik dagens regionaltilskot og Nord-Noreg-tilskot viser.
Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift går inn i den økonomiske ramma for distriktpolitiske tiltak.

- Ved ny innføring av ordninga med differensiera arbeidsgjevaravgift, bør ordninga bli knytt til at føretaket ligg innafor det geografiske virkeområdet.
- For å sikre næringslivet stabile rammevilkår, må heile det området som er i avgiftssone 2 koma inn att. Samstundes bør det bli vurdera å trekke inn i virkeområdet kommunar som klart tilfredsstiller EU-kommisjonen sine vilkår om befolkningstetthet som er mindre enn 8 innbyggjarar pr. km² og har ein befolkningsnedgang.

Utskrift til:

KS Postboks 1378 Vika 0114 OSLO
Kommunal- og regionaldepartementet Postboks 8112 Dep 0032 OSLO